



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

15/5265-115

22.07.2016

Tilskott til infrastrukturtiltak i kommunar som skal slå seg saman

Vi viser til brev 11. april 2016 med søknad om tilskott til infrastrukturtiltak i samband med kommunereform. Departementet har handsama søknaden frå kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Lindås, Masfjorden, Meland, Modalen og Radøy, og finn ikkje grunnlag for å tildele tilskott.

Departementet kunngjorde i februar 2016 ei tilskottsordning til etablering eller forbetring av vegar, breiband og andre digitaliseringstiltak i kommunar som skal slå seg saman. Ordninga skal leggja til rette for og forsterka effekten av ein ny og meir føremålstenleg kommunestruktur. Både fylkeskommunar og kommunar kunne søkja om tilskott, gjerne i samråd med kvarandre. For å kunne ta i mot tilskott må tiltaket vere i ein eller fleire kommunar som har vedteke samanslåing innan 1. juli 2016. Tiltaket må planleggjast sett i verk innan 31.12.2018.

Kommunane Lindås, Meland og Radøy har gjort gjensidige vedtak om å slå seg saman, mens kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen ikkje har gjort gjensidige vedtak om å slå seg saman. Sidan det er søkt om tilskott frå fleire kommunar enn dei som har gjort gjensidige vedtak om samanslåing, har departementet vurdert at søknaden dermed ikkje kvalifiserer for å ta i mot tilskott.

Det er i samsvar med avtala mellom regjeringspartia og Venstre på Stortinget om nytt inntektssystem for kommunane, sett av 100 mill. kroner i 2017 til infrastrukturtiltak i kommunar som slår seg saman. Dersom kommunar gjer vedtak om samanslåing på eit seinare tidspunkt, vil det vera høve til å søke om tilskott til infrastrukturtiltak òg i 2017.

Departementet kjem tilbake med nærare informasjon om ordninga for 2017 på eit seinare tidspunkt.

Med helsing

Hans-Petter F. Gravdahl (e.f.)
avdelingsdirektør

Jørgen Teslo
seniorrådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur

Kopi:

Austrheim kommune
Fedje kommune
Gulen kommune
Lindås kommune
Masfjorden kommune
Meland kommune
Modalen kommune

Adresseliste

Nordhordland

Utviklingselskap IKS

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936

MANGER

KOPPI